

Søknad om midlar til

## Kulturbasert entreprenørskap - for, av og med ungdommen!

..:Framtidsretta næringsutvikling:..



Frå Lærdal kommune v/ungdomsrådet

Kontaktinformasjon:

Tenesteleiar Astrid Myran Aarvik

Postadresse: Pb. 83, 6886 LÆRDAL

E-post: [astrid.myran.aarvik@laerdal.kommune.no](mailto:astrid.myran.aarvik@laerdal.kommune.no)

Telefon: 57 64 12 45/91 63 53 60

## 1 Innleiing

Lærdal ungdomsråd er eit svært aktivt ungdomsråd. Ved fleire høve har ungdomsrådet sett på moglegheitene og utfordringane bygda og lokalsamfunnet står ovanfor. Vi ser at vi har store utfordringar i bygda, ikkje minst med tanke på den truande situasjonen kring arbeidsplassane våre.

Vi ser at utfordringane er store, og vil verta enno større framover, med å få ungdommen attende til bygda. Når ingen andre gjer noko med det – tek vi gjerne utfordringa i eigne hender! Ungdomsrådet vil arbeida aktivt for å gjera bygda til eit meir spanande, attraktivt og levedyktig lokalsamfunn bl.a. gjennom kulturbasert entreprenørskap. Det er difor vi no søkjer om stønad til vårt viktige arbeid med å gjera Lærdal til ein betre stad å bu.

At ungdomen sjølv vil gjera bygda til ein betre stad å bu ser vi som eit svært innovativt og nyskapande prosjekt. Vi meiner at overføringsverdien vil vera stor, nettopp fordi dette er, etter kva vi kjenner til, heilt eineståande i landet. Etter kva vi kjenner til, finnast det ikkje noko liknande i heile landet, og vi meiner difor at dette vil vera eit pilotprosjekt i særklasse.

Vi tykkjer det hadde vore spenstig av fylkeskommunen og kommunal- og regionaldepartementet å bidra til å finansiere dette prosjektet gjennom bulystmidlar, og vi håpar med dette at De ser positivt på vår søknad! Vi stiller gjerne opp for å fortelje om prosjektet dersom det skulle vere av interesse.

Lærdal, 26.04.2011

Synnøve Askeland  
Leiar

Helge Evensen Bjørkum  
Nestleiar

## 2 Om Lærdal

Pr. 1. januar 2011 har Lærdal kommune 2224 innbyggjarar. Kommunen er eit sentralt knutepunkt mellom aust og vest, og den viktigaste og mest nytta ferdsleveggen mellom Bergen og Oslo har alltid gått gjennom dalføret. Vegar frå ulike tidsperiodar vitnar om dette. Vegen som Harald Hårfagre nytta då han drog frå Valdres til Voss, som Olav den Heilage nytta då han drog på kristningsferda si i år 1023 og som kong Sverre førte Birkebeinarane sine på i 1177. Frå den gong til i dag har veggen gått frå å vere kløvsti til Europaveg. Med Lærdalstunnellen, verdas lengste vegtunnell, som opna i år 2000, vart kommunen på ny eit knutepunkt i samferdsla. Dei mange historiske vegane er i dag gode turvegar i eit vakkert kulturlandskap.

Lærdal er kommunen mellom fjord og fjell. Kontrasten mellom dei stupbratte fjella og dei flate slettene innover i det grønne landskapet er noko av det som gjer naturen her inne så spesiell.

Om lag halvparten av innbyggjarane bur i kommunesenteret Lærdalsøyri. Her finn du og vårt gamle sentrum, Gamle Lærdalsøyri, som frå gammalt av var ein viktig handels- og marknadsplass. Årleg møttest folk frå aust og vest til den tradisjonsrike Lærdalsmarknaden. Eit yrande folkeliv med byting og kjøp av varer og dyr, kjærleik og slåssing, var eit faktum. Den tradisjonsrike marknaden vart lagt ned i 1870-åra, men teken oppatt i 1982 og har sidan det vorte arrangert kvart år i juni.

## 3 utfordringar

Lærdalssamfunnet står ovanfor store utfordringar. Blant anna er det stor uvisse om arbeidsplassane i bygda, og seinast i mars mista 21 tilsette ved opplysinga 1881 jobben. Mange fryktar at heile sentralen vil verte lagt ned, og at såleis enno 30 mistar jobben.

I tillegg veit vi at vi har store utfordringar med å få utflytte Lærdøler attende til bygda, særleg er det vanskeleg å få attende ungdom etter enda utdanning. Hovudgrunnen til dette er noko mangel på arbeidsplassar, og ikkje minst at det er lite som skjer i bygda. Særleg på vinterhalvåret, utanom kulturskule og idrettsaktivitetar, er det lite å gjera .

Handelslekkasjen hjå lokalbefolkninga er stor, særleg blant ungdom, og dette resulterer i liten omsetnad for dei lokale verksemdene. Dette har resultert i at det no står tre tomme butikklokale sentralt i sentrumsgata. Ein liten tettstad som Lærdal klarer ikkje å mønstre eit vareutval som dei store byane og regionsentra klarer, og dette resulterer i ein alvorleg handelslekkasje.

Reiselivsnæringa står sterkt i kommunen, og næringa er svært sesongbasert. Dette gjev store utfordringar for å skape heilårlege arbeidsplassar i bygda. Men vi er optimistar, og vonar at prosjekt berekraftig reiseliv skal bidra til å utvide reiselivssesongen i kommunen.

## 4 Ressursar

Kommunen har store kulturelle og naturgjevne ressursar som vi ynskjer å nytta i vårt arbeid:

### 4.1 Gamle Lærdalsøyri

Sentrum i Lærdal er samansett av eit gamalt og eit nytt sentrum. Frå 1970 og utover vart grandlandskapet i krysninga mellom fjorden og dalføret fylt opp med masse frå kraftutbygginga, og noko av dette området har vorte nytt sentrumsområde. Men den gamle delen av sentrum vart heldigvis bevara, og gamle Lærdalsøyri er no eit særstykke på Vestlandet med eit av dei mest særprega og bevarte trehusmiljøa i landet. Området er, med sine 161 hus frå 17- og 18- hundretalet eit vakkert syn for auga og eit attraktivt område for turistar og andre tilreisande.



### 4.2 Lærdalsmarknaden

I mellomalderen var Lærdalsøyri eit sentralt knutepunkt mellom aust og vest, og staden vaks seg naturleg fram som marknadsplass. Frå Valdres og Hallingdal, og dei yttarste fjordstroka, tok folk seg til Lærdal både med båt, hest og til fots for å byte og handle dyr og varer. Det var, etter det kjeldene seier, eit yrande folkeliv og eit viktig samlingspunkt. Lærdalsmarknaden vert no arrangert kvart år i juni månad.

### 4.3 Dei historiske vegane

Dei historiske vegane i Lærdal er mange, og historikarar meiner å kunne sjå vegar frå fem ulike tidsepokar i kommunen. Kongevegen er den mest kjende av vegane våre, ein veg som strekkjer seg frå Øye i Oppland til Lærdalsøyri.

### 4.4 Kulturskulen

Kulturskulen i Lærdal har tilbod innan kunst, drama, dans, song og musikk og gjev undervisning til nesten 300 elevar. I høve til folketalet er det ein av dei største kulturskulane i landet.

## 4.5 Kulturhus og Norsk Villakssenter

Lærdal kulturhus vart teken i bruk i 1996, og rommar amfital til 150 personar. Her er og den kommunale kinoen, som no er digitalisert.

På elvebreidda, samlokalisert med kulturhuset, ligg Norsk Villakssenter. Villakssenteret gjev innsyn i livshistoria til den atlantiske laksen, og kan i sesongen by på eineståande lakseobservatorium, laksetrapp og stryk med levande fisk. Lærdalselva har vore viktig for

utviklinga av Lærdal. "Dronninga blant lakseelvar" har vore ei av dei beste elvane i verda for sportsfiske etter villaks og sjøaure, og har gjort Lærdalsnamnet kjent både nasjonalt og internasjonalt. Elva vart for nokre år sidan smitta av parasitten Gyrodactylus salaris.



## 4.6 Lydstudio

I tilknytning til kunstsenteret er det no oppført eit moderne lydstudio. Kultursalen vår har særskild god akustikk, og storleiken på scena gjev høve til større produksjonar. Ved å ha opptaksstudio i tilknytning til sal og scene blir det gode høve både for lokale og tilreisande artistar, og er ideelt for opptak av t.d. folkemusikk, korps, kor og band. Mange i ungdomsmiljøet etterlyser også lydskule for å lære å gjere opptak og mikse lydprodukt. Eit profesjonelt studio kan nyttast til å spele inn demo for innpass til ulike kulturarenaer.

## 4.7 Nytt kunstsenter

Lærdal kommune fekk ei eineståande kunstgåve på vel 2 500 kunstverk av kunstmålaren Hans Gjesme (1904-1994) rett før han døyde. Gjesme hadde gjennom eit langt liv vore ein produktiv kunstnar etter studiar i Oslo og Paris. Han er innkjøpt av offentlege samlingar, hadde separatutstillingar og deltok på store kollektivutstillingar som t.d. Haustutstillinga.

I 1999 inngjekk Lærdal kommune samarbeid med Astrup Fearnley Museet for Moderne Kunst. I fleire sesongar har det vidkjende kunstmuseet hatt gjesteutstillingar i Gjesmegalleriet (i tidlegare Lærdal telegrafstasjon, samlokalisert med avdelinga av Postmuseet og Telemuseet). Sidan 2003 har samlinga vore ein del av stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum, og Lærdal kommune har no realisert nye lokaliseringstilhøve for samlinga. I det nye Sogn Kunstsenter er det magasin, gjesteatelier og tenlege utstillingslokale. Kunstsenteret er oppført som tilbygg til kulturhuset.

#### 4.8 Borgund stavkyrkje

Borgund stavkyrkje, frå 1180, er blant dei best bevarte stavkyrkjene i landet, og ein av dei største turistattraksjonane i kommunen. Årleg har stavkyrkja, med det tilhøyrande besøkssenteret, over 40 000 besøkande i sumarsesongen mai-september.




#### 4.9 Lærdal idrettslag

Lærdal idrettslag har eit høgt tal medlemmar, og står for mykje av den organiserte idretten i bygda. Fotball, handball, innebandy, friidrett og løp er store greiner, og så godt som alle ungdomane i bygda tek del i idrettslaget på ei eller anna form.

### 5 Kva søkjer vi om – og til kva?

Vi søkjer om støtte til å arbeide med og utvikle dei tre A'ane:



#### 5.1 Bakgrunnen for dei tre A'ane

Ungdomsrådet har ved fleire høve kome med mange konkrete tiltak vi har lyst å gjennomføre. Vi sette oss seinare ned for å samanfatte alle ideane til eit felles prosjekt, og

for å få det heile meir oversiktleg vart alle tiltaka grupperte under arbeid, arrangement og attraktivitet.

Nokre av dei elleve punkta som er gruppert under dei tre A'ane er nokså vanskelege å forstå, og vert difor beskrivne på eige vedlegg. Ta kontakt med oss om de ynskjer beskriving av alle punkta.

## 5.2 Arbeid

Arbeid er naudsynt for at eit lokalsamfunn som vårt skal vera levedyktig, men ungdomsrådet meiner at satsing på sesongarbeidsplassar er undervurdert. Vi ser på sesongarbeidsplassar som ein svært viktig del av rekrutteringa til bygda. Mange vel å kome attende til heimbygda si i ein periode etter at utdanninga er enda fordi dei ikkje veit kvar dei vil busetja seg, men det er ofte avhengig av tilgjenge på sesongarbeidsplassar.

Ungdomsrådet vil difor styrkje innsatsen og stimulere til oppretthalding av eksisterande sesongarbeidsplassar og oppretting av nye. På sikt vonar vi, og vil i høgste grad stimulera til, at nokre av desse sesongarbeidsplassane kan resultera i heilårlege arbeidsplassar. Dette vil bidra til endå meir rekruttering til bygda.

Vi vil også gjera sesongarbeidsplassane enklare tilgjengelege for ungdomen, og ein vesentleg del av innsatsen på dette punktet vil gå på samhandling og samordning av sesongarbeidsplassar.

I tillegg vil vi vurdere gi stønad til verksemder som opprettar nye sesongarbeidsplassar.

## 5.3 Arrangement

Vi har eit svært godt tilbod innan idrett og kulturskule i bygda, men utanom det er det lite sosiale arrangement i kommunen. Vi tykkjer at sosialt samhald og sosiale arrangement er ei mangelvare, sær for ungdomane. Det vert sjeldan halde sosiale arrangement eigna for ungdom i Lærdal, sjølv om dette er noko som er sær etterspurd blant ungdomane. I tillegg står det seks ungdomshus, eit kulturhus, og to utandørs scener i bygda som sjeldan vert nytta. Desse husa eignar seg godt for tilstellingar av ulike slag. Samstundes vert det om lag aldri arrangert store festivalar og arrangement i bygda (med unntak av Lærdalsmarknaden). Større arrangement er viktig for både den økonomiske veksten i bygda, folkelivet og for å framheve den unike naturen og kulturen i Lærdal.



For å løyse denne problemstillinga vil me nytta dei ulike lokala og arrangere ulike festar, festivalar, konsertar og temakveldar. Vi vonar at dette vil fremje den positive tanken rundt det å vere innbyggjar i Lærdal.

## 5.4 Attraktivitet

Lærdal ungdomsråd meiner at bygda i dag er lite attraktiv for ungdomar. Vi vil difor styrke innsatsen for eit meir attraktivt lokalsamfunn. I dette vil vi også arbeide for å styrke samhaldet, tilhøyrigheita og stoltheita til ungdomane i Lærdal. Dette vil gjere ungdomane til gode ambassadørar for bygda, og såleis vil alle ungdomane vera med å gjere bygda attraktiv for eventuelle tilflyttarar.

I arbeidet med å gjera bygda meir attraktiv er det også svært viktig å drive omdømearbeid. Det er ikkje til å legge skjul på at kommunen har hatt mykje negativ medieomtale den siste tida, noko som har resultert i eit dårleg ry. Difor ser vi det som svært viktig å arbeide for å bygge oppatt det gode ryet vi ei gong hadde.

Men eit attraktivt lokalsamfunn er meir enn berre dette. Det er og viktig at vareutvalet i butikkane speglar behovet til befolkninga. I dag har vi ein stor handelslekkasje, særleg blant ungdom. Dette kan på sikt resultera i at fleire butikkar får økonomiske vanskar og kan verte lagt ned, noko vi ikkje ynskjer. Vi vil difor også driva aktivt arbeid for å stogga handelslekkasjen i bygda.

Å stogge ein handelslekkasje er krevjande, og det er lite sannsynleg at den kan stoggast heilt. Men vi meiner at det absolutt er potensiale i å redusere den. Vi vil ta initiativ til eit samarbeid mellom handelsgruppa og ungdomen, og på den måten skape forståing på begge sider. I dag er det kanskje slik at ungdomen ikkje forstår kvifor det er viktig å handle lokalt, og handelsstanden ikkje forstår kvifor ungdomen ikkje handlar lokalt. Vi meiner at løysinga ligg i eit tett samarbeid med dei to partane, der begge to er nøydd til å forandre seg på ein del punkt. I arbeidet med å stogga handelslekkasjen vil vi bl.a. drive kampanjar og informasjonsarbeid mot ungdomen, og eit arbeid opp mot handelsgruppa slik at dei har eit vareutval som speglar behovet til ungdomen.

## 6 Mål med prosjektet

Vi ynskjer:

- Lærdal skal vera ein stad der ungdomen trivast, er stolt over å koma frå og der ungdomen har lyst til å vera.
- Lærdal skal vera eit lokalsamfunn der alle, både fastbuande, tilreisande og tilflyttarar føler seg velkomne.





- Lærdal skal vera eit attraktivt lokaliseringsval for tilflyttarar og næringsdrivande.
- Stimulere til vekst i talet på kulturbaserte næringsverksemdar.
- Få utflytta ungdom attende til bygda.

## 7 Forankring i lokale/regionale styringsdokument

Lærdal kommune har starta eit omfattande arbeid, bl.a. med utforming av ei strategisk næringsanalyse og ein ny næringsplan, for å koma i betraktning som ein eventuell omstillingskommune. Administrasjonen i kommunen har sagt at dette prosjektet føyer seg godt inn i dette arbeidet. Syner elles til vedlegg frå administrasjonen.

Lærdal kommune fekk for ei tid sidan midlar til å drive prosjektet “Kulturbasert stadutvikling.” Det prosjektet er no avslutta, men dette nye prosjektet føyer seg godt inn i kommunen sin plan for arbeidet med kulturbasert stadutvikling.

Lærdal kommune mottok også midlar til prosjektet “berekraftig reiselivsutvikling”. Nokre av måla i vårt prosjekt er også forankra i planar og dokument til dette prosjektet, og det er allereie etablert eit godt samarbeid med prosjektleiar Helene Maristuen.

Prosjektet er også forankra i Lærdal kommune sin gjeldande plan; “Førebyggjande barne- og ungdomsplan”. I innleiinga står det, sitat: *Barn og unge som ressurs, og deira røynsler, tankar og idear vert for lite brukt. Deira kreativitet og skapingstrøng, evne til kritisk tenking, verdivar og engasjement må stimulerast, takast vare på og nyttast.* Sitat slutt.

## 8 Gjennomføringsevne og organisering

### 8.1 Gjennomføringsevne

Vi meiner at gjennomføringsevnen er god. Vi er mange kreative, nytenkande og engasjerte ungdommar som har lyst til å bidra i dette arbeidet, fordi vi alle har eit sterkt ynskje om at Lærdal skal vera ein stad der folk vil vera og der folk vil trivast. Vi vil sjå ei bygd i positiv utvikling, og vil gjerne bidra i det arbeidet.

Saman med ein prosjektleiar i 30% stilling, som har det øvste administrative ansvaret, og som koordinerer det meste av aktiviteten er vi trygge på at vi kan dra prosjektet trygt i land.

### 8.2 Gjennomføring

Prosjektet vert gjennomført i perioden 01.10.2011 til 31.12.2012. Prosjektperioden er såleis på eit år og tre månader. Gjennomføringa av prosjektet er heilt avhengig av at vi får stønad, og prosjektet vil ikkje verte starta opp før finansieringa er sikra.

Ved etableringa av prosjektet vil det verte etablert eit “gründerkontor”, som vil vera kjernen i prosjektet. Der vil både prosjektleiaren og arbeidsgruppa ha lokale til utføring av sine oppgåver.

### 8.3 Organisering

Prosjekteigaren er Lærdal kommune. Prosjektet vert lagt under tenesteeining for kultur- og formidling.

Det vert sett ned ei styringsgruppe for prosjektet, med sju medlemmar. Fire av desse medlemmane er representantar frå Lærdal ungdomsråd. I tillegg møter tenesteleiar for kultur og formidling, næringssjefen og ein politisk representant. Styringsgruppa styrer prosjektet og tek dei overordna avgjerdene. Styringsgruppa sit for heile prosjektperioden, og kontinuiteten er såleis sikra.

Det vert tilsett ein prosjektleiar i 30% stilling i prosjektperioden. Prosjektleiaren leiar og koordinerer den daglege drifta av prosjektet, og har det administrative og økonomiske ansvaret. Prosjektleiaren vil også ha oppgåver som bedriftsrådgjeving og bedriftsoppfølging.

Det vert også sett ned ei arbeidsgruppe for prosjektet. Denne arbeidsgruppa er basert på frivillig innsats frå ungdomane i Lærdal, og denne gruppa har ei kjerne på fem medlemmar. Denne gruppa arbeider etter retningslinjer gjeve av prosjektleiaren, og skal bistå prosjektleiaren i arbeidet med å nå måla og setje tiltaka ut i live. Arbeidsgruppa sit for heile prosjektperioden.

## 9 Vedlegg

1. Budsjett.
2. Finansieringsplan.
3. Framdriftsplan.
4. Kulturbasert entreprenørskap – for, av og med ungdomen!
5. Jordeplerock!
6. Kulturell nettverksbygging
7. Lærdal den digitale bygda
8. Brev frå Lærdal kommune.
9. Lærdal ungdomsråd – aktivitetsliste 2010-2011.